



**Styret i Stranda Røde Kors vil med dette gjerne få takke deg for at du har støtta arbeidet vårt med ditt medlemskap.**

**Første halvår 2021 var også eit litt annleis år for Røde Kors, pga. COVID-19. Dette gjeld særleg aktivitetane innanfor omsorg/besøksteneste og RØFF, med liten aktivitet pga. smittefaren. Aktivitetane i dei andre avdelingane har også vore redusert, sjølv om hjelpekorpsset har hatt mange oppdrag. Frå hausten var det vanlig aktivitet i alle avdelingar i Stranda Røde Kors.**

Stranda Røde Kors prøver å organisere aktivitetane slik at oppgåvene ikkje vert for store for kvart enkelt medlem, og derfor ynskjer vi også fleire aktive medlemmar til vårt arbeid.

**Stranda Røde Kors har fylgjande aktive avdelingar:**

*Hjelpekorps - RØFF - Omsorg/besøksteneste - Transportteneste*

**Hjelpekorpsset** har aktive medlemmar i fleire bygdelag som i Stranda, Hellesylt og Geiranger. **RØFF = Røde Kors Friluftsliv og Førstehjelp** har aktive medlemmar i Stranda og Hellesylt. **Besøkstenesten** har aktive medlemmar i Stranda. **Transporttenesten** har aktive medlemmar i Stranda, som utfører ulike transportoppdrag i heile Stranda Kommune.

**Beredskapsvakter; ein har ca. 60 beredskapsvakter til saman i alle bygdelaga i kommunen. Desse kan ein mobilisere dersom det oppstår større ulykker/katastrofer i lokalmiljøet vårt.**

Vi håpar at du fortsatt ynskjer og har moglegheit til å støtte opp om det arbeidet som vert gitt til menneske i nærmiljøet med ditt medlemskap.

Ein anna måte du kan støtte Stranda Røde Kors på er å gi grasrotandelen din til Røde Kors når du tipper – **organisasjonsnummer 986951504.**

Ein kan også støtte Røde Kors lokalt om ein brukar **panto-knappen/panto-lotteriet** når ein pantar flaske på panteautomatane på Rema 1000 - Spar Svingen - Kiwi på Stranda, Coop Marked på Hellesylt og Joker i Geiranger.

Ta gjerne kontakt med Stranda Røde Kors ved leiar Per Inge Jelle *tlf 91772360*, om du har spørsmål knytt til Røde Kors sitt arbeid og engasjement.

Med vennlig helsing  
**Stranda Røde Kors**